

## Kva kjenneteiknar strandsona?

I strandsona finst mange forskjellige livsmiljø for dyr. Her finn vi både sand, grus, stein og svaberg, og nokre stadar kan det vere vegetasjon, mens andre stadar ikkje. Der havet møter land kallar vi fjøresona eller fjøra, og her gjer tidevatnet at livsmiljøet endrar seg dagleg. Når det er flo (høgvatn), er fjøra dekkja av sjøvatn, mens når det er fjøre (lågvatn), er stranda tørrlagd. Livsmiljøet på stranda er dermed rikt og variert og heimen for mange ulike dyreartar.



Dyra som lever i strandsona, tilpassar seg dei ulike livsmiljøa. Kvar dei ulike dyra trivst, avheng både av dei abiotiske faktorane, sånn som for eksempel om det er sand eller svaberg, om det er vått eller tørt og kor utsett det er for vind. I tillegg avheng det av dei biotiske faktorane, sånn som deira evne til å tole tørke ved lågvatn, konkurranse med andre artar om for eksempel ljøs og plass, men også om mat. Tilpassingane dyra har til dei ulike livsmiljøa i strandsona, gjer at dei har ulike kjenneteikn. Nokre dyr har hus på ryggen, andre kravlar rundt i sanda heile livet sitt, mens andre igjen trivst best med å sitje fast på ein stein eller på eit skjel.

## Blåskjel (*Mytilus edulis*)

Blåskjel kan bli meir enn 20 år gamle!

### *Korleis kjenne igjen blåskjel?*

Blåskjel er ein musling som er eit blautdyr. Den mjuke kroppen er dekkja av to skal som blir haldne saman av musklar. Skalet har variabel form og djupblå farge med fiolett skjær. Blåskjel er vanlegvis opptil 10 cm lange, men kan bli heile 15 cm.

### *Kvar lever blåskjel?*

Blåskjel toler å leve under ekstreme miljøforhold som for eksempel høg temperatur, mykje salt i vatnet og tørrlegging. Blåskjel trivst derfor mange plassar, men må dekkast av vatn av og til for ikkje å tørke ut. Blåskjel kan feste seg til omgjevnadene med nokre festetrådar som heiter byssus, og dei sit ofte fast i kvarandre og til svaberg. Men dei kan også flytte seg rundt ved hjelp av ein fot dei stikk ut mellom skala sine. Ved hjelp av foten kan små individ vandre ut til djupare vatn etter kvart som dei veks og blir større.

### *Kva et blåskjel, og kven et dei?*

Blåskjel pustar og et dyre- og planteplankton ved å filtrere vatn. I snitt filtrerer eit vakse blåskjel fem liter vatn kvar time, noko som blir over hundre liter vatn i løpet av eit døgn. Blåskjel har gjeller som fangar opp dyre- og planteplankton som så førast til munnen ved hjelp av små, rørlege hår. Blåskjel er føde for mange forskjellige dyr som fuglar, fisk, krabbar, sjøstjerner og sniglar.

Sjå blåskjel som 3D-modell: Skann QR-koden med kameraet på mobilen. Følg lenka som opnast i Ludenso Explore. Trykk på «Content» (menylinje nedst til høgre) og vel «3D».



# Olbogesnigel (*Patella vulgata*)

Olbogesniglar har  
1 920 tenner!

## *Korleis kjenne igjen olbogesnigel?*

Skalet til olvogesniglar er rugla utanpå og ser ut som ei låg kjegle eller ein pyramide. Skalet er mellom 4 cm og 6 cm bredt. Ein olbogesnigel kan sjå ut som ein musling fordi skalet dekker heile kroppen, men det er eigentleg ein snigel fordi han berre hat eit enkelt skal.

## *Kvar lever olbogesniglar?*

Olbogesniglar trivst best i den øvre eller midtre delen av fjøra og i vatn med høgt saltinnhald. Dei sug seg fast med ein kraftig muskel med ei slags sugeskål til harde underlag, som steinar og berg. Skalet hos olbogesniglar er tilpassa underlaget slik at dei lukkar seg inne i skalet saman med litt vatn når det er i luft rundt skalet ved fjøre (lågvatn). Ved flo, når dei er under vatn, kan olbogesniglar vandre opp til éin meter frå utgangspunktet. Men dei kjem alltid tilbake til same stad ved lågvatn ved hjelp av eit slimspor dei lagar sjølve.

## *Kva et olbogesniglar, og kven et dei?*

Olbogesniglar sit stille om dagen, mens dei flyttar seg rundt om natta for å ete. På tunga har olbogesniglar 160 rader med tenner, med 12 tenner på kvar rad, noko som blir heile 1 920 tenner. Alle desse tennene brukar dei til å raspe av små algar og andre organismar frå underlaget før dei ved



hjelp av fine hår i ganen fører maten inn i kroppen. Olbogesniglar er føde for mange forskjellige dyr som fuglar, fisk, krabber og sjøstjerner.

## Krosstroll (*Asterias rubens*)

Krosstroll har ikkje  
noko hovud og kan  
bli 30 cm i diameter!

*Korleis kjenne igjen krosstroll?*

Eit vanleg krosstroll er ei sjøstjerne med fem armar som oftast er oransje eller gulbrune, nokre kan også vere litt fiolette. På undersida av armene har dei hundrevis av små sugeføter, mens dei på sida og på oversida av armen har små kvite piggar. Krosstroll har auga plasserte ytst på kvar arm. Dei største individa kan vere 30 cm i diameter.

*Kvar lever krosstroll?*

Vanleg krosstroll lever i fjøra og heilt ned til 200 meters djup.

*Kva et krosstroll, og kven et dei?*

Føda til krosstroll består i stor grad av blåskjel. Krosstrollet opnar blåskjelet ved hjelp av sugeføtene. Når blåskjelet er tilstrekkeleg utmatta og opnast noko, vrengr sjøstjerna ut magesekken og fører han inn i blåskjelet. Her skil han ut magesaft slik at muslingen blir broten ned og kan sugast opp. Krosstroll et også gjerne rur, børsteormar og andre pigghuder sånn som slangestjerner eller andre krosstroll.



# Strandsnigel (*Littorina littorea*)

## *Korleis kjenne igjen strandsniglar?*

Strandsniglar lever i eit skal som snor seg til ein spiss som er veldig kraftig og kan bli 4 cm høg. Skalet kan variere i farge, men er ofte svart eller mørk grå, av og til raud, oransje eller kvit. På hovudet har dei to tentaklar med auge.

## *Kvar lever strandsniglar?*

Strandsniglar trivst godt på både harde og blaute underlag i strandsona. Det er vanlegast å finne dei på stein og pålar på stranda og i fjøra, men dei kan leve heilt ned til 60 meters djup. Strandsniglar kan gøyme sjøvatn i skalet sitt, slik at dei kan tole tørke og klare seg ganske lenge i luft.

## *Kva et strandsniglar, og kven et dei?*

Strandsniglar et berre planter. For det meste består føda av algar som dei raspar av stein og svaberg, men dei er også glad i havsalat. Strandsniglar er føde for mange forskjellige dyr som fuglar, fisk, krabber og sjøstjerner.



## Strandkrabbe (*Carcinus maenas*)

Strandkrabber kan skifte skal opptil 15 gonger i løpet av livet.

*Korleis kjenne igjen strandkrabber?*

Strandkrabber har grøn eller brunraud overside med mørke marmoreringar, mens undersida er lys gul. Dei har fire par bein og to kraftige klør. Skalet kan bli opptil 8 cm. Når krabbene veks, må dei byte til større skal. Derfor kan vi ofte finne tomme skal i fjøra som kan sjå ut som daude individ. Krabbene flyttar seg sidelengs.

*Kvar lever strandkrabber?*

Strandkrabber trivst godt på grunt vatn og finst ofte under steinar i fjøra. Dei trivst både på hardbotn og blautbotn.

*Kva et strandkrabber, og kven et dei?*

Strandkrabber et blant anna skjel, sniglar, børstemark og åtsel, mens både fisk, pattedyr og fuglar kan finne på å ete strandkrabbe.



## Eremittkreps (*Pagurus bernhardus*)

### *Korleis kjenne igjen eremittkreps?*

Fordi bakkroppen til eremittkreps manglar skal, vernar eremittkreps seg i eit sniglehus. Huset stel dei frå forskjellige sniglar som har døydd og ikkje sjølv treng det. Eremittkreps har kraftige klør som er tett dekkja av små vorter, og den høgre kloa er større enn den venstre.

### *Kvar lever eremittkreps?*

Eremittkreps er vanleg langs heile kysten og trivst godt både i fjøra og ned til fleire hundre meters djup. Dei føretrekker å leve der det er skjelbotn med ei blanding av sand og grus.

### *Kva et eremittkreps, og kven et dei?*

Eremittkreps et små muslingar, krepsdyr og åtsel. Sjølv kan dei bli etne av fisk, sjøstjerner, krabber og fuglar.



Ordet eremitt betyr «einebuar», men eremittkreps lever som oftast saman med andre artar som anemonar, børstemark, tang og tare.

## Glasmanet (*Aurelia aurita*)

Glasmaneter består  
av 98 % saltvatn.

### *Korleis kjenne igjen glasmaneter?*

Kroppen til glasmaneter består av ei glasklar skive og fire hesteskoforma, mørke ringar i midten. Glasmaneter består av 98 % saltvatn. Glasmaneter er nesledyr og har nesleceller med neslegift som er plasserte på tentaklar – små trådar som stikk ut frå skiva.

### *Kvar lever glasmaneter?*

Glasmaneter trivst best i dei øvre vasslaga. Dei kan symje litt, men blir stort sett flytta rundt på av vind, straum og bølger i vatnet. Vi finn dei av og til på stranda, men der trivst dei ikkje, og dei går anten i stykker eller tørker ut.

### *Kva et glasmaneter, og kven et dei?*

Glasmaneter brukar neslecellene for å fange mat. Føda består fortrinnsvis av bitte små plankton, men dei kan også ete veldig små fisk som dei bedøver med neslegifta. Glasmaneter har ikkje så mange fiendar sidan dei består mest av vatn.

